



Nedgravne oljetankar

Fjell kommune og Sotra Brannvern vil:

- kartlegga nedgravne oljetankar i kommunen
- gi eigarar av oljetankar informasjon om
 - lovverk, ansvar og støtteordningar
 - forbod mot olje til oppvarming frå 2020



Vi håpar at De som innbyggjar kan hjelpa oss å få oversyn over tal og tilstand for nedgravne oljetankar i kommunen. Dette kan de gjera ved å:

- fylla ut elektronisk spørjeskjema på www.fjell.kommune.no/oljetank
- skriva ut skjema, fylla ut og senda det med posten eller e-post (merk. skjema med saksnr. 17/5704)
- kontakta kommunen for hjelp til å fylla ut skjema eller få skjema tilsendt med post/e-post.

Målet med kartlegginga er å hindra miljøskadelege oljelekkasjar og førebu innbyggjarane på ei oljefri framtid.

- For råd om nedgravne oljetankar tek de kontakt med Fjell kommune på e-post: postmottak@fjell.kommune.no eller tlf. 55096000.
- For råd om alternative energiløysingar tek de kontakt med ENOVA.

Lovverk

Forureiningslova gir eigaren av oljetankar ansvar for den forureininga tanken eventuelt medfører. Dette gjeld alle oljetankar, uansett storleik.

Forureiningsforskrifta har spesifiserte krav om tilstandskontroll av oljetankar som er større enn 3200 liter.

Kommunane har høve til å etablere dei same føresegnene for oljetankar mindre enn 3200 liter i ein lokal forskrift. Fjell kommune har ikkje ei slik lokal forskrift, men vi understrekar at ansvaret ved eventuell forureining er eigar sitt ansvar.

Ansvar

Eigar av ein oljetank er ansvarleg for at tanken og/eller rørsystemet ikkje lekk. Ei lekkasje frå ein oljetank kan gjera store skadar på natur, hage, hus og nabo-eigedommar. Opprydding etter oljelekkasjar er eigar av tanken sitt ansvar, og kan vera enormt kostnads-krevjande. Vi har sett døme på oljelekkasjar som har kravd midlertidig utflytting, og kosta om lag ein million kroner for å rydda opp. Det er derfor svært viktig å følgja med på eigen oljetank for å førebyggja lekkasje.

Ved lekkasje

Akutt forureining ved oljelekkasje skal meldast til 110.

Då vert oppdraget registrert og aktuell instansar vil verte varsla. Om naudsynt kan Sotra brannvern eller anna utrykkingsinstans bidra i ein akuttffase for å avgrensa skaden. Eigar av oljetanken er ansvarleg for vidare opprydding i forureina grunn. Vi tilrår at ein så raskt som mogleg tek kontakt med forsikringsselskap og firma som kan avgrense og rydde opp i skaden. Vi tilrår også å nytte miljøkonsulent til å følgja arbeidet og skriva rapport.

All forureining ved oljelekkasje skal meldast til Fjell kommune.

Vi er lokal forureiningsmynde og vil gi ytterlegare informasjon om lovverk, dokumentasjonskrav og liknande.

Oljetankar som er tekne ut av bruk

Nedgravne oljetankar større enn 3200 liter som vert midlertidig teken ut av bruk, skal tømmast og sikrast slik at utilsikta påfylling ikkje kan førekomma. Vert tanken teken ut av bruk permanent skal den tømmast og gravast opp for destruksjon ved godkjent avfallsmottak.

Fjell kommune skal ha skriftleg melding frå den ansvarlege når ein nedgravne oljetank vert teken ut av bruk. Vi vil be om dokumentasjon på at tanken er levert til godkjent avfallsmottak.

Nedgravne oljetankar som er mindre enn 3200 liter kan stå nedgravne, men dei skal tømmast, gjerast reine og fyllast med godkjent fyllmasse når dei vert tekne ut

av bruk. Påfyllingsrøret til tanken skal låsast eller forseglast og merkast med skilt som viser at tanken ikkje er i bruk. Dette for å hindra at utilsikta påfylling kan skje. Fjell kommune skal ha skriftleg melding frå eigaren om at tanken er teken ut av bruk.

Oppgraving av oljetank

Nedgravne oljetankar som er mindre enn 3200 liter bør gravast opp av fagfolk for å unngå uhell og store oppryddingskostnader. Fjell kommune skal ha melding om at tanken er graven opp. Vi vil be om dokumentasjon på at tanken er levert til godkjent avfallsmottak.



Andre tiltak knytt til oljetank

Installering av nedgravne oljetank krev søknad om tiltak etter plan- og bygningslova. Søknad vert å senda til byggesak@fjell.kommune.no

Nedgravne oljetankar skal kontrollerast og eventuelt reparerast eller skiftast ut. Dette for å førebyggja at oljelokkasje oppstår. Dersom forbruket av olje er unormalt stort, kan det tyde på ein lekkasje.

Fjell kommune kan gi pålegg om tilstandskontroll av oljetankar som er større enn 3200 liter.

Økonomisk støtte frå Enova

Ved utskifting av olje-/parafin fyring, er det viktig at det vert teke i bruk oppvarmingsløyser som nyttar fornybare energikjelder. Det vert lagt til rette for dette ved at både verksemder og privatpersonar får støtte frå **ENOVA** til fjerning av oljetankar, og til investering og installasjon av oppvarmingsløyser med fornybare energikjelder. I 2018 kan ein få inntil kr. 20 000,- i støtte til å fjerna oljefyr og oljetank, samtidig som ein legg om til ei varmeløysing støtta av ENOVA. Støttebeløpet vert halvert i 2019, og avvikla heilt når forbodet trer i kraft i 2020. Merk at det ikkje vert gitt støtte til omlegging til biodiesel. Les meir på:

Forbod mot mineralolje til oppvarming frå 2020

Staten har vedteke innføring av forbod mot bruk av fyringsolje og parafin til oppvarming av bygningar frå 2020. Føremålet er å redusera klimagassutsleppa. Det betyr at dei som i dag nyttar mineralolje (fyringsolje og parafin) til oppvarming, må finna ei anna løysing før 2020. Det finst fleire alternativ til mineralolje, mellom anna varmpumper, elektrisk oppvarming, fjernvarme, flis- og pelletskjeler og biodiesel.

- Programsiden for fjerning av oljefyr og tank: <https://www.enova.no/privat/alle-energitiltak/fjerne-fossil-opppvarming/fjerning-av-oljefyr-og-tank/>

- Programsiden for fjerning av oljekamin og tank: <https://www.enova.no/privat/alle-energitiltak/fjerne-fossil-opppvarming/fjerning-av-oljekamin-og-tank/>

Nyttige lenker:

www.fjell.kommune.no
www.enova.no
www.oybr.no